



Sak nr 30/2010

Møtedato: 14.6.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Vedlikehald av veg til Haugvørpe

Knut Grefsrud har vore i kontakt med fjellstyret om vedlikehald av vegen ned til Haugvørpe. Han kan ta på seg det praktiske arbeide. Han ber fjellstyret vurdere om ein kan ta grus i den gamle grusgruva ved Haugvørpe ved å kombinere dette med ei opprydding i gruva.

Det er ein rasteplass ved Haugvørpe som fjellstyret har laga til og det er naturleg at fjellstyret dekkar ein stor del av vedlikehaldskostnadane.

Fjellstyret såg på saka saman med Statskog og Grefsrud under befaring den 14.6.10.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å gjennomføre utbetring av vegen slik som skissert på befaringa. Administrasjon avtaler nærare med Grefsrud om gjennomføring av vedlikehaldsarbeidet.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Knut Grefsrud